



Notat

Dato
LEIKANGER, 03.07.2018

Frå: NKA, Egil Henning Ytrøy

Til: NKA

Kopi til:

Sitep AS, tilskot til investering i utstyr til øvingsfabrikk/teknologisenter Prosjekt: Etablering av øvingsfabrikk SITEP AS - Norsk Katapult

Bakgrunn for notatet

Årdal Utvikling har sendt Sogn og Fjordane fylkeskommune to søknadar retta inn mot prosjektet «Sitep» - senter for innovasjon, teknologi og prosess i Årdal. Ein søknad (ESA 18/6504) er retta inn mot kostnadane knytt til utvikling av konseptet og den andre (ESA 18/6572) er retta inn mot investeringar i maskiner og utstyr som skal inn i senteret/øvingsfabrikken.

12. juni 2018 handsama fylkestinget Årdal Utvikling sine søknadar og fatta slikt vedtak:

«Fylkestinget set av ei ramme på 5 millionar i tertial til søknadene frå Sitep AS i Årdal. Søknadane må avklarast opp mot statsstøtteregelverket. Fylkesrådmann får fullmakt til å utbetale støtta etter desse avklaringane. Tilskotet vert finansiert frå bufferfondet».

Med bakgrunn i begge søknadane gav Sogn og Fjordane fylkeskommune advokatfirmaet Kluge AS i oppdrag å vurdere dei støtterettslege problemstillingane som søknadane gav opphav til, derav også i kva grad tilskot ville utgjere støtte og kor vidt slik støtte kunne vere lovleg støtte.

Dette notatet tek føre seg søknaden om investeringstilskot til maskiner, utstyr og software.

Tilleggsinformasjon om prosjektet med utgangspunkt i Kluge sitt notat.

Notatet frå Advokatfirma Kluge AS peika på gruppeunntaket sin artikkel 27 – «støtte til innovasjonsklynger» som ein relevant heimel for støtte i form av fylkeskommunalt tilskot. Samstundes vart det i Kluge sitt notat peika på ein del manglende informasjon i søknaden for at tilskot kan løvvast som støtte til innovasjonsklynger.

Det er no henta inn tilleggsopplysningar frå søker som klargjer dei punkta som vart peika på som mangelfulle i Advokatfirma Kluge sin gjennomgang av søknadane (ESA 18/6504-7).

Utfyllande svar frå Årdal Utvikling i kursiv (selskapet som har administrert prosjektet og søknadsprosessen til fylkeskommunen fram til bemanning av Sitep AS):

1. Sitep AS må vere støttemottakar for tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (meir ei avklaring i og med at søknaden vart sendt frå Årdal Utvikling)

Søknaden vart sendt frå Årdal Utvikling som fylgje av at SITEP AS var i etableringsprosess og ikkje hadde eigen organisasjon. Det er SITEP AS som skal vere støttemottakar og mottak av støtte vil gå til SITEP AS sin konto.

2. Prosjektet kan ikkje setjast i gang før fylkeskommunen har fått all tilleggsinformasjon til saka (viktig med tanke på utløysande effekt for offentleg tilskot).

Prosjektet vil avvente oppstart til finansiering er på plass. Ein jobbar vidare med avklaringar knytt til tilgang på ressursar til selskapet.

3. All offentleg støtte som er retta inn mot den omsøkte investeringa må gjerast greie for, både sum støtte og kven som løyver støtta (i søknaden er dette «anna offentleg finansiering» i finansieringsplanen). Maksimal offentleg finansiering er 50% og det er ikkje anledning til å kumulere offentleg støtte.

Resterande offentleg støtte knytt til investering vil bli løyvd frå Årdal Utvikling/Årdal kommune. Vi er godt kjent med at maksimal finansiering ikkje kan overgå 50%. Allereie motteke finansiering frå Innovasjon Norge knytt til bedriftsnettverk ligg på utsida av dei områda det er søkt støtte om hjå fylkeskommunen og Årdal Utvikling/Årdal kommune.

4. Betalinga som vert kravd for bruk av klynga sine fasilitetar, og for deltaking i klynga sine aktivitetar, skal svare til ein marknadspris eller reflektere kostnadane. I dette ligg det at Sitep AS lyt utarbeide og sende fylkeskommunen ein modell for brukarbetaling som byggjer på eit av desse prinsippa, slik at dette er dokumentert.

SITEP legg opp til å fylgje dei ordninga som vert lagt opp rundt Norsk Katapult og er i dialog med Sintef Raufoss. Brukarbetaling for bruk av utstyr og ressursar i prosjektet er ein del av forretningsmodellen til SITEP og ein viktig del av inntektsgrunnlaget framover.

Det blir lagt opp til abonnementssmodell der bedriftene betalar for å få tilgang til utstyret innan for ei ramme. Det vil utover dette bli fakturert time for time for bruk av utstyr og kompetanseressursar. Nivået på kontraktane vil bli samkjørt med Norsk Katapult og er ein del av det ein skal få på plass ved oppstart av prosjektet.

5. Tilgang til klynga sine lokale, fasilitetar og aktivitetar skal vere open for fleire og skal gjevast på ein «transparent» og ikkje-diskriminerande måte. Dette bør også gjerast greie for i tilleggsinformasjon til søknaden.

Tilgang til lokala vil sjølv sagt vere ope for alle som ynskjer å nytte fasilitetane og kompetansen. Det er eit mål at flest mogleg bedrifter i regionen/landet skal ha interesse av å ta utstyret i bruk for kompetanseheving, testing og utvikling av ny teknologi, osv. Det er eit mål å legge til rette for elevar på vidaregåande skule, fagskule og høgskule skal kunne ha undervisning, oppgåver for næringslivet, bachelor og master oppgåver, osv. Det vil bli lagt til rette for bruk av kontor for bedrifter, studentar og gründerar og ein ynskjer å skape møteplassar/aktivitetar som er relevant for flest mogleg. Det er lagt opp til ei samlokalisering av SITEP og øvingsfabrikken med eit utviklingsmiljø der Årdal Utvikling og Kunnskapsparken er til stades, der det vil bli tilrettelagt med møterom, kontorareal, sosiale areal og kantine. Arealet for øvingsfabrikken vil ligge utanfor Hydro sin gjelder og vere tilgjengeleg for alle med gitte tilgangskontrollar.

Vurdering av prosjektsøknad ut frå tilleggsinformasjon om prosjektet

Svar frå Årdal Utvikling klargjer at det er Sitep AS som skal vere støttemottakar av tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og det er dette selskapet som vert klyngeadministrator. Årdal Utvikling var administrator av søknadsprosessen av di Sitep AS ikkje var bemanna då søknad til fylkeskommunen vart utforma og sendt.

Prosjektet vil ikkje starte opp før finansiering er avklart.

Anna offentleg finansiering inn til prosjektet (jamfør finansieringsplanen i søknaden) er tilskot frå Årdal Utvikling. Sum tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (35,71%) og Årdal Utvikling (14,29%) utgjer 50% av prosjektfinansieringa og er såleis innafor kravet om maksimal offentleg finansiering.

Det er også avklart at det vert lagt ei avgift på bruk av Sitep AS sine fasilitetar, og at modellen for brukarbetaling skal vere ein abonnementssmodell der bedriftene betalar for tilgang til utstyr innanfor ei fastsett ramme. Bruk ut over denne ramma vil bli fakturerer med ein timesats. Nivået på kontraktane skal samkjøyrast med Norsk Katapult (jamfør samarbeidsavtalen med Norsk Katapult, Manufacturing Technology – Raufoss).

Klynga sine fasilitetar er tilgjengelege for alle og det er eit mål for Sitep AS at flest mogeleg bedrifter tek utstyret i bruk. Ut over det som vert klargjort i e-post frå Årdal Utvikling, kan ein her leggje til at Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane skal ha ei rolle i denne delen av prosjektet og skal jobbe med forankring og koplinger opp mot næringslivet i både Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland fylkeskommune etter 2020).

Det er også stadfesta frå Årdal Utvikling i telefonsamtalar at tilskotet på 5 MNOK er avgrensa til investeringar og ikkje skal nyttast til utviklings- eller tilretteleggjande arbeid i prosjektet.

Konklusjon

Notatet frå Advokatfirma Kluge peika på gruppeunntaket sin artikkel 27 som ein mogeleg heimel for tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Sitep AS. Det vart samstundes identifisert nokre svakheiter ved søknaden som medførte at støtte ikkje kunne løvvast som støtte til «innovasjonsklynger» før fylkeskommunen fekk ytterlegare informasjon.

Tilsendt informasjon frå Årdal Utvikling, som følgjer opp prosjektet og etablering av Sitep AS, gjev svar på dei uklårheitene som låg i den opphavlege søknaden om investeringstilskot og er dekkande med omsyn til dei punkta som det vart etterlyst meir informasjon kring i notatet frå Advokatfirma Kluge.

Den private delen av finansieringsplanen er i følgje Årdal Utvikling ikkje på plass enno, men dette vert fanga opp av vilkåra i tilskotsbrevet (arbeidet må ikkje setjast i gang før prosjektet er fullfinansiert).

Med bakgrunn i dette vil Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeide eit tilskotsbrev til Sitep AS og løyve tilskot som støtte til «innovasjonsklynger» under gruppeunntakets artikkel 27.